



Sliik skal festivalområdet disponerast. Det spesielle familieområdet er sone 4. Klikk på skissa så vert ho skarp

Ordningar med følgje eller verje for mindreårige er no meir regelen enn unnataket på norske festivalar og Festidalen legg også opp til ei slik ordning. Døme på ulike variantar er festivalane Working Class Hero, Vinjerock, Trollrock og Malakoff og vår festival har kome med forslag om ei restriktiv line samanlikna med desse Rammene for korleis også barn og unge kan få ta del i festivalopplevinga er no lagt fram for kommunen. Det mest radikale forslaget er ei open aldersgrense.

Det er laga ei verjekontrakt med reglar for korleis mindreårige kan få del i festivalen. Av denne går det fram at dei avgrensingar som er gjort i stor grad har med rusførebyggjing å gjera,

Det konkrete opplegget går mellom anna ut på at mindreårige skal ha tilgang til heile området med unnatak av barane og låven, som blir avgrensa som skjenkeområde med inngong frå festivalområdet og med 18 års aldersgrense.

Det vert etablert eit eige handicap- og familieområde avgrensa med meterhøge hesjar. Området ligg i forkant av steingarden og er ope for alle, men synleg rusa personar får ikkje tilgong. Det er lov å ta med alkohol inn på området, som har egne vakter. Området har enkel servering.

Mindreårige under 18 år må vere i fylgje med verje, som skriv under ansvarsskjema ved inngong og minst må vera 30 år.

Festidalen ynskjer

å gjera eit heilhjarta forsøk på å endra festkulturen i kommunen i positiv lei og ser dette i samanheng med kommunen si festivalsatsing der flest moglege bør få delta på mest moglege på sine egne premisar, understrekar Anbjørn Høivik i eit supplement til søknaden om skjenkeløyve. Han presiserar at kommunen førebels ikkje har svara på forslaget.

Om ei open aldersgrense skriv styret at Festidalen gjennom åra har bygd opp ein profil og eit omdømme som gjer at publikum er modne for eit slikt opplegg. Festidalen 2009 hadde også open aldersgrense men då berre på deler av området

Av Ola Matti Mathisen